



LAVEGGSHUS

NORSKE FORMER FOR BULHUSKONSTRUKSJON

I ein artikkel i Stavanger Museums årbok 1942 vert bruken av lavegger nemnd. Då emnet ikkje har vore drøfta stort før, vart eg oppmoda til å gjeva ei nærare utgreiding om denne måten å byggja på. Artikkelen tek ikkje sikte på å gjeva nokon oversikt over bruken av lavegger her i landet. Det har ikkje vore stunder til å førebu ei så stor oppgåva. Materialet er samla heilt tilfeldig på ei ferd etter rosemaling i dei indre Ryfylkefjordane. Det var ikkje råd til å få tak i utstyr til oppmåling, og tida var for snau til fyldig utgreiing. Artikkelen kjem difor til å sakna mykje av det som ei grundigare granskning vilde kunna gjeva. Føremålet med artikkelen er å peika på stoffet slik at ein kan få fram samanlikningsmateriale frå andre kantar av landet.


«Lavegg» kaller dei i Rogaland den konstruksjonen som heiter «skiftesverk» i Sverige og «Bulhuskonstruksjon» i Danmark. Gudbrandsdølane og andre kaller den for «slepvegg»¹. I Skåne heiter det å byggja ein lavegg å Laveggshus hjå Olav Mæle, Mæle i Forsand.

byggja i «ladføre».² Prinsippet i laveggen er at veggplankane ligg horisontalt oppå kvarandre mellom loddrette stolpar. Eit laveggshus er samansett av: ein berande konstruksjon, veggfyllinga og taket. Veggfyllinga er det karakteristiske for desse bygga.

På s. 131 kan ein sjå eit slikt hus. Stavar, bitar o. a. er noko overdimensjonert for at ein betre skal kunna sjå konstruksjonen. Teikningen er laga etter eit hus som står hjå Olav Mæle, Mæle i Forsand herad (s. 129.). Det vart flutt i 1876, då tunet vart utskift, men det vart sett opp att nett som det stod. Eit tilbygg i reisverk er kome til, og dei grøne kuplaglasi har vike plassen for moderne vindu. Huset er 9,30 m. langt (tilbygget ikkje medrekna) og 3,70 m. breidd. Det har to rom, og det romet som ligg lengst mot søraust har to fag veggplankar i lengderetningen.

Den berande konstruksjonen er den same me har i stavløene. Stavane står på muren, på «honnsteinar» eller på sviller. Er det siste tilfelde, kviler staven dels på svilla, dels på muren (s. 133 B). Det er slått ein trenagle vassbeint gjennom svilla inn i staven. Svilla er nedste planken i veggen. Ho stikk ofte litt fram, så ho ligg ikkje heilt i flukt med dei andre plankane. Stavane har firkanta tverrsnitt med avfasa hyrner. Dei har not i sidene for plankane i veggen. Øvst oppe har staven ei loddrett kløft for biten eller «slindra» som dei kaller det her. Vidare er det hogd av «stavøyro» på innsida for at stavlegja ikkje skal koma til å liggja for langt innføre veggflukta. Stavøyro går oppunder takskjegget og er sneidde så dei skrånar jamnt med takvinkelen (s. 133 A). Elles er det som i stavløene bite med hovud og hals som ligg mellom stavøyro, og stavlegja som ligg oppå biten og støder seg mot innsida av stavøyro. I brystet ligg biten i flukt med yttersida av veggen. Krossbanda har ofte eit hakk der dei er felte inn. Det minner litt om «svalehalekonstruksjonen». Det veike punktet i konstruksjonen er svillene, som får regnsiget frå heile veggen ovanfrå. Der dei ikkje er letta godt opp med stein, har væta frå tuft og vegg tært dei ganske burt.

Veggene er av saga tømmer.³ Plankane er omlag 8 cm. tjukke, men bredden skifter frå godt 35 cm. ned til om lag 15 cm. I begge endane er plankane hogde til i butt V-form, og dei står inn i ei not som går ned lengst etter heile staven (s. 133 C). Nota har og butt V-form i tverrsnittet. Då huset er flutt, står ikkje plankane godt inn i nota alle stader. For å bøta på dette har dei spikra på lekter for å få gjort nota djupare, omlag som s. 133 E. Plankane er ikkje



Forenkla konstruksjonsteikning av laveggshuset hjå Olav Mæle.

alltid like breide i kvar ende, og dei er då lagde slik at det skifter med topp- og rotendar på same sida. Plankane er «sudde» d.v.s. at ryggen av kvar planke er runda slik at han går inn i ei not i den planken som ligg over. Det er nytta myrmose i suene til tetting. For å styrkja veggjen er det sett inn «dublungar». Det største romet vart før brukt til hesthus. Når dei skulde kjøre ut hevda, reiv dei ned eine veggjen. Det var lett når ein berre kunde ta vekk lekta og ta plankane ned. Like eins var det lett å bygge veggjen oppatt, for plankane er nummererte med streker.

Der er to dører i huset, ei i brystet og ei på langveggen. Svillene er rotna burt under begge, så ein kan ikkje sjå korleis «dørkjenungane» har vore festa nede. Begge stader har ryggen av dørkjenungane not for veggplankane, som er spiska til i endane. I døra i brystet går ytre delen av dørkjenungen opp i eit øyra. Dette går inn i eit spor som er spart ut i nedre delen av utsida av den planken som lagar øvre dørkarmen. I døra på langsida ender dørkjenungen i ein tapp som stikk opp i eit hol i undersida av den veggplanken

som er øvre dørkarmen. Sume av plankane har hol etter naglar som står slik at det kan tyda på at der har vore fest loddrette opplenger. Det kan vera merke etter liggjande bordkledning eller einerkledning.⁴ Taket er reint sperretak.

På nabogarden til det huset me nett har sett på, står to hus i laveggskonstruksjon (s. 137). Lars Mæle eig denne parten. Han fortel at husa stod i det gamle tunet og vart flutte ut i 1876. Husa står stuv i stuv, så dei ser ut som eit hus. Det eine er fjøs, det andre er for smalen. Stavane står på muren her, ikkje på sviller. Krossbanda står på utsida av veggene. Tømra har ein gong vore nytta i andre bygg. I det eine huset har stavane ein fals langs sida i staden for not. (s. 133 F). Falsen er 4—5 cm i kvar kant og såg ut til å vere skoren ut av sjølve staven. Her er det plankane som har not. Nota er vertikal og gaper over falsen i staven. I brystet er veggene klædde med ståande bord. På øvre sida er det einerkledning utanpå laveggen. Eieren er halden fast med lekter som er fest i laveggen. Det er ikkje som i fassgardsløene lenger sør i fylket at eieren sjølv lagar veggen i ein konstruksjon som minner mykje om lavegg.


I det heile er laveggene mykje brukt til fjøsbygg. Sume stader står fjosa inne i løene, sett opp mellom stavane eller dei er bygde til løa. Felles for typen er at bitane ber bjelkar som det ligg tiler på. Det vert eit lite rom ovanpå fjoset. Dette kallar ein «fjosskukken». Det er gode og varme fjøs. I Forsand var slike temmeleg vanlege både i Frafjord og Espedalen. Fleire er rivne, men det står enno eit par att. Torstein I. Forsand har soleis ei løa med fjøs og smalhus i (s. 135). Her er 6 fag lavegger i lengden. Stavane har tildels fått spikra på ei fjøl på heile yttersida, og den held plankane på plass (s. 133 G). Ein god del av plankane er øksa. Dette bygget vart sett opp av oldefaren til den som eig garden no, og det må ha vore på 1830-talet. I Strand er eit bra bygg på Olabakken i Bjørheimsbygda. I Hjelmeland er det fleire på Hauge i Jøsenfjorden. I Erfjord var det den vanlege måten å byggja på i fjellgardane. I Sauda er fleire i Svandalen m. a. er det eit på Kjeringtveit (s. 139). Her er veggplankane pent rundla slik som me sjeldan finn det på stovebygg som er yngre enn slutten av 1700-talet.

Plankane er i dei aller fleste bygga spiska til i endane og sette inn i not. Men ofte har stavane parvis påspikra eller pånagla lekter. Slik er det t. d. i eit fjøs på Hauge i Jøsenfjorden (s. 140). Naglen går her gjennom ei lekter,

tvert gjennom staven og stikk ut på utsida av lista på andre sida. Trykket av veggen spenner lekta mot naglen og held henne fast.

På Håland i Erfjord er det eit geithus og eit sumarfjos i lavegg, eit opp med garden, det andre nede ved elva. Dei er bygde i den konstruksjonen ein kallar underslag. Sperrelabbane er gjort lange og kviler på ein reisverkskonstruksjon som berre er panelt med bord. Mellom stavane er lavegger. Men her har ein gjeve opp systemet med not og bruker i staden trenaglar som er slegne inn i stavane slik at det stikk ut ein tapp på 6—8 cm. Kvar planke kviler mellom to slike naglar (s. 133D). Oppetterstaven står på kvar sida to rekker naglar, og dei gjer teneste som not. I hyrnene vert naglane ståande mest i ei rekke der plankane frå to vegger møtest. Ein har då i ei av krærne sett naglane i ei rad som er sams for dei møtande veggene. Sumarfjoset ved elva har not i hyrnestavane, men trenaglar i dei stavane som er mellom faga.

På same garden er det ei gamal lafta stova. Innåt denne står eit bygg som heiter «Hommannsbuå». Ho er $5,6 \times 3,9$ m. Bua har berre 3 vegger. Der dei to sideveggene står inntil stova er nytta laveggskonstruksjon, og plankane ligg mellom naglar slik som i sumarfjoset. Bordkledninga har ikkje noko skilje mellom dei to bygga, og dei ligg under det same taket. Då oldefaren til eigaren var ung, bles taket av bua, fortel segna, og oldefaren reparerte det. Kor mykje han gjorde er uvisst, men det er mykje som tyder på at han bygde om att heile bua. Veggmålinga syner at bua er bygde




Konstruksjonsdetaljer. A, sydaustre hyrna. B, sydaustre hyrna med tversvill. C—G, skilde måtar å feste plankane til staven.

oppatt, og det er rimeleg at det var oldefaren som gjorde det, for han var kjend som ein dugande bygningsmann. Han fekk premie av eit eller anna landhusholdningsselskap for ein løebygning han hadde sett opp.

Elles finn ein lavegger brukt saman med steinmurar. I søre luten av fylket ligg ofte fjaset i eine enden av løa og hevdhuset midt under løa. Det er vanleg å ha smalen i hevdhuset om vinteren, og hesten står også av og til her. På denne tida nyttar ein ikkje utkjørsla, og for at det ikkje skal verta for kaldt, set ein opp ei råma med 3 stavar. Mellom dei to stavane legg ein lavegg der plankane ligg mellom lekter (s. 141). Ein stampar kuhevd i suene so det vert heilt tett. Mellom dei to andre stavane er det dør. I dette høvet er det lett å sjå likskapen mellom laveggene og den måten ein i laftehus feller veggømra inn i dørkjenungane på. Der ein har lavegg over heile utkjørsla, klær ein ofte laveggen med einer (s. 141). På Hålandsstølen i Fra-fjord er løa heilt av stein med sperretak, men i eine brystet er helvta av veggen lavegg. Den gamle stølsbua var i lavegg, men den vart spent ut ein gong det låg litt for mange i køya. Elles er det meldingar om at fleire av stølshusa har vore i lavegg.

Ein skal ikkje fara langt utanom Rogaland for å finna liknande hus. Lavegger er vanlege i dei øvre dalane i Vestagder. Her var stavane på dei eldre bygga av eik, og ofte svære dimensjonar. Men dei er ofte råtne vekk, og i staden er sett opp stavar av stein. På Homme var plankane øksa tømmer. Kona på garden var burt mot 90 år og mintes vel, men ho hadde aldri høyrte kven det var som hadde bygt fjaset. Fjaset stod i løa. På Lista har dei hatt laveggsfjos.⁵ På Såkhus i nedre Setesdalen likeeins.⁶ Konservator Hals fortel at han har sett slike hus i Vestfold. Anders Sandvig nemner lavegger i Gudbrandsdalen. Dei er nytta i forhus, vedskåler o. l., ikkje i heile hus etter det ein kan sjå. Halvor Vreim fortel at i Nordland er nausta fleire stader bygde av lavegger med fleire fag lengstetter. Ein vil sjå at lavegger er nytta over ein stor lut av landet. Det reiser seg då naturleg to spursmål: Kvar er denne byggjemåten komen frå, og kor gamal er han her i landet?

Noko tyngdepunkt for laveggskonstruksjonen kan ein ikkje slå fast her i landet enno, dertil er materialet alt for lite granska. Ein vil merkja seg at der heile hus var bygde med lavegg, var det alltid nytta reisverkskonstruksjon og sperretak. Vestlandet er hovudsetet for reisverk og sperretak.⁷



Løe hjå Thorstein I. Forsand, Forsand.

Men nå veit eg ikkje om dei laveggene ein har på Austlandet er knytte til reisverkskonstruksjonen eller ei.

Laveggen er nytta i Sverige. Sigurd Erixon ser på den som «en mellomform mellom korsvirke och knutkonstruksjon» og set klare geografiske grenser for den.⁸ Han syner at den er vanleg sør for dei store innlandssjøane, sjeldsynt ikring dei, og ikkje i bruk nordanføre. Han meiner at laveggene er innført til Sverige ved påverknad frå sør og søraust. Gerda Boëtius peikar på at bruken av «skiftesverkslänger» er vanleg i Dalarna.⁹ Mogens Clemmesen gjev eit oversyn over laveggene i Sverige og Danmark.¹⁰ Dei skilnadene som fins i konstruksjonane, er mykje variantar av same kulturen. Eg held meg til hans bok når det gjeld dansk og svensk materiale.

Det vanlege i Danmark og Sverige er at stavane har ein tapp som går ned i svillene, men i dei eldre bygga i Halland, Blekinge, Öland og Västergötland rir stavane over svilla. Om Danmarks hus segjer Mogens Clemmesen at «stolper der rider over Fodtræet er almindelige vestpaa og synes at være en ældre Konstruktion».¹¹ Vår konstruksjonsmåte ligg vel nærast den siste, men samsvarar ikkje heilt ut med nokon av dei. Det er vanleg i Danmark og Sverige at stavlegja er fest til staven slik at staven har ein tapp som går gjennom eit hol i stavlegja. Denne tappen går vidare inn i biten. Men biten kan liggja *under* stavlegja. Enden er då ein smal tapp

som går gjennom staven og er festa med tverrnaglar på utsida. No kviler ikkje stavlegja på biten, men på ein tapp frå staven. Likevel liknar det meir på vår konstruksjonsmåte. Me har endåtil same konstruksjonen i sume av takrytterane på stavkyrkone våre, t. d. Hurumkyrkja.¹² Clemmesen segjer om denne konstruksjonen i Jylland at den er lite nytta og «synes at være meget gammel og er utvivlsomt ældre end Maaden at anbringe Bjælkerne ovenpaa Rammen, der er den almindeligste i alle yngre Hus-typer». Men i Sverige nyttar dei ein tredje konstruksjon. Her har staven øyre, og biten kviler med ein hals mellom dei. Stavlegja ligg oppå biten, men rett over staven, slik at stavøyra stikk gjennom eit hol i stavlegja. Denne måten vert nytta med små brigde i Skåne, Blekinge, Västergötland, Öland og Gotland og vert halden for å vera den opphavlege. Den er i prinsippet stort sett den same som hjå oss.

Me finn altså at laveggene i Danmark og Sverige er knytte til reisverket. Om der ikkje er nytta heilt den same konstruksjonen som hjå oss, er der eit visst slektskap, mest med dei eldre bygga i Västergötland, Skåne, Blekinge, Öland og Gotland. Men den bærande konstruksjonen me finn i våre lavegger, skil seg ikkje på noko vesentleg punkt frå den reisverkskonstruksjonen som hjå oss har tradisjonar attende til folkevandrings-tida og var fullt utforma iallfall so tidleg som sist i 1500-talet.¹³ Der-som me har lært bruken av lavegg frå andre, noko som er rimeleg, har ein vel helst fest seg ved den måten veggplankane var sette inn i stavane på og elles brukt den reisverkskonstruksjonen ein var van med heime.

I Sverige og Danmark er veggplankane til vanleg 5 cm. tjukke eikebord som går inn i ei not i staven. Nota har firkanta tverrsnitt. Men i dei eldste bygga var plankane tjukkare og spiska til i endane som hjå oss. Berre i Väster-götland er notene «ofte noget tilspidsede med skraa Sider og med rundet Bund, som det kan være Tilfældet med middelalderlige Bulhusstolper».¹⁴ Men not med firkanta tverrsnitt er brukt langt ned i tid både i Danmark og Sverige, t. d. i Gaasetaarnet,¹⁵ i tømret i Tingstede Träsk¹⁶ og andre funn. I ei sjøbud frå Laknäs, Leksand i Dalarna har ein nytta same konstruksjon for feste av plankane til staven som den ein fann hjå Lars Mæle.¹⁷ Staven har fals, og plankane har vertikal not i staven som bit over falsen. Buda er ei blanding av lavegg og lafting, og det er berre dei nedre hyrnene som



Laveggshus hjå Lars Mæle, Forsand.

har stavar. Buda er datert, men det er tvil om årstalet er 1551 eller 1771. Måten å la veggplankane gape over fals i staven er i bruk i vanlege tømmerhus ved innfatning av dørstokkar o. l. alt under mellomalderen.¹⁸ Hjå oss nyttar ein einer til kledning utanpå laveggen. Den danske måten å kle veggen med halm kan gå for eit motstykke. Når det gjeld veggfyllinga, ser me at likskapen er større mellom Norge og den søre luten av Skandinavia, enn når det galdt den berande konstruksjonen. Her kan ein tala om ein tydeleg slektskap.

Når det gjeld taket, var det nytta sperretak hjå oss. Nokon direkte parallell har me ikkje i Sør-Skandinavia, men det er likevel so stor likskap at ein kan snakka om slektskap her også.

Skal ein sjå laveggsbygga i Noreg og Sør-Skandinavia under eitt, finn ein ikkje nokon parallell til våre bygg, men so mykje har dei felles at ein kan tala om ein kultur. Dei drag som dei norske laveggene har saman med dei hine, tykkjest alle å peika eit stykke attende i tida, då dei anten er gått


av mote i nyare bygg eller dei vert nytta i distrikt som er kjende for å halda på gamal bygnadstradisjon, serleg då Västergötland.

Det har vore uråd å få tak i den litteraturen ein kunde ha bruk for når ein skal dryfta forholdet til England. Skal ein døma etter Bayeux-teppet, skulde laveggene ha gamle tradisjonar i England. Det syner fleire hus som snautt kan vera anna enn laveggsbygg.¹⁹ I eit verk om den engelske arkitektur-soga ser det etter bilæta ut til å vera nytta lavegger i eit par løer, men teksten går ikkje meir inn på den konstruksjonen.²⁰ Eit verk som C. F. Innocent: *The Development of English Building Construction*, Cambridge 1916, går heller ikkje inn på bruken av lavegger. So lenge det er so store vanskar med å få den litteratur ein treng, er det uråd å dryfte ein mogleg innverknad frå England til Vest-Noreg. Serleg har sambandet mellom Rogaland og England vore sterkt p. g. a. trelastfarten, og slik handel fører ofte med seg påverknad av ymist slag.

Lavegger fins etter det Mogens Clemmesen veit å fortelja i Estland, Rigabukta, Øst-Prøissen, Lünebürger-Heide, Schwarzwald, N. v. Sveits, Tsjekko-Slovakia, Jugoslavia, Romania, Bulgaria, Lilleasia, Celebes, Ny Zealand og endåtil burte på n.v.-kysten av Amerika. Det er ei veldig utbreiding. Det kunde vore forvitneleg å fått visst om dette er ein eller eit par samanhangande kulturar, eller om konstruksjonen er so enkel at han so å segja dukkar opp der tilhøva ligg til rette. Det kunde vera freistande å dryfta forholdet mellom lerkliningshus og laveggskonstruksjon, men det vil føra for vidt.

Eit viktig spursmål er kor langt ein kan føra våre moderne laveggskonstruksjonar attende her i landet. Eit ganske merkeleg trekk ved laveggs-husa er at det har vore mest uråd å få vite når dei er bygde eller kven som har bygd dei. Gisle Midttun segjer:²¹ «Me hev døme på at dei i seinare tid hev bygd med skiftesverk» og vidare «Denne byggjemåten hev lite og inkje med norsk bygnadsskikk, og han er lite nytta». Diverre gjev han ikkje nøgjare greie for desse sluttningane. Den vide utbreidinga av laveggene skulde tyde på at bygga har ein viss alder her i landet. Det treng ei tid til å breida seg over so stort eit område.


Eit visst haldepunkt har me i fråsegner som eg fekk då eg arbeidde med husa i det gamle tunet i Øvre Espedalen i Forsand herad. Her fortalde dei gamle at då dei var små (1845—60), var alle smalhus og geithus av lavegger, medan fjosa var nova. Slike meir uvande hus plar gjerne stå til dei sig ihop



Fjos på Kjeringtveit, Sauda.

av seg sjølv og kan verta tåleg gamle. No brann heile tunet der omlag 1750, og det er lite rimeleg at om geithus og smalhus var nova då dei bygde tunet oppatt, at dei alle skulde vera rotne bort på snaue 100 år. Ein kan rekna med at det har vore bygd smalhus og geithus i lavegg der alt omlag 1750. Laveggshuset hjå Olav Mæle kan snautt ha vore meir enn 100 år då det vart flutt, og etter slitet på materialet skulde ein halde det for rimeleg at det vart bygd ikring 1800. Ivar Torsteinssons bygg på Forsand var frå begynnelsen av 1830-åra. Eit anna haldepunkt er husa i Erfjord som ein kanskje kan føra til den byggjeinteresserte eigaren av garden i førstninga av 1800-talet.

Det er verd å festa seg ved at det ser ut som ein stor del av fjosa ber merke av å vera laga av gammalt stovetømmer. Mesteparten av tømra i desse bygga er saga, ein kan rekna frå den vanlege levealderen av eit stovehus. Då det mykje var runda tømmer i stovehusa langt ned i tida, kjem ein ogso her til tida ikring 1800-talet eller seinare. Eg har berre sett




Laveggskonstruksjon på Hauge, Jøsenfjord, og i geithuset på Håland, Erfjord.

eitt laveggs fjøs av avrunda tømmer. Ein annan ting er det at teknikken syner 4 skilde måtar å feste plankane til staven på. Dei verker ofte som resultat av forsøk på nye retningar. Når ein har so stor ulikskap i konstruksjonen innan eit so lite område som Ryfylkefjordane, og skilnaden ikkje tykkjest ha sin grunn i noko krav eller nokon mangel, kan det tyda på at konstruksjonen ikkje har nokon gamal tradisjon å byggja på. Ein har ei kjensle av at det er ein byggjemåte som ikkje har fått tid til å feste seg og finne sin mest funksjonalistiske form.

Konstruksjonen av laveggene er svært lettvent, og det er ikkje utruleg at den kan ha halde seg i uvande hus alt frå den tida ein bygde takryttarar på stavkyrkjene i laveggskonstruksjon. Ei stova på Færøyane,²² Bispestova er ho kalla — har delvis laveggskonstruksjon. Ho er etter alt å døma flutt dit frå Noreg, men ho vart øydelagt av eit skred, og ein kan ikkje slutta noko om lavegger i Noreg av den. Mogens Clemmesen segjer om Bispestova:²³ «Der er en Mulighed for at denne Bygning oprindelig har været et Bulhus» og han meiner at «der er en Mulighed for at Bulvægge den Gang kan have været mere almindelige i norske Bygninger».

Samanfatning av veggplankar og dørkjenung i tømmerbygg er lik laveggskonstruksjonen, og der det er to dører på same veggen — noko ein finn



Lavegg i utkjørsel frå hevdhus, Trafjord. Liknande dekkja med einer hjå Olav Mæle, Forsand.

døme på — er det ein regelrett lavegg mellom dei. Det vil liggje svært nære å ta til bruken av lavegg når han er kjend som lekk i andre konstruksjonar.

Sandvig nemner at laveggene i Gudbrandsdalen er nytta i uvande hus.¹ No vil ein minnst at i Øvre Espedalen var ogso dei uvande husa i lavegg, men ikkje fjosa. Øvre Espedalen er ei bygd som ligg sers avsides, ein stad der ein kunde venta at gamal byggjeskikk vilde halda seg. Då ein heller ikkje andre stader finn gamle fjos og då dei fleste ser ut til å føra attende til 1800, held eg det for rimeleg at laveggen i fjos og betre bygg er ein nyskapnad frå tida etter 1800, sjølv om ein må rekna med ein tradisjon som går mykje lenger attende i dei uvande husa. Det at mannen på Håland i Erfjord gjekk so hardt inn for det, peikar i den leida. Han må ha vore ein mann som var interessert i dei nye ideane rasjonalismen førde med seg på byggeteknikken sitt omkverv. Han hadde jo fått premie av eit jordbrukselskap. At opplysningstida var interessert i laveggsteknikken, veit me etter eit skrift som Carl Wijnblad gav ut «på Kgl. Maj:ts Befallning efter föregångit gillande wid Riks-Dagen år 1765» med «Beskrifning huru Allmogens Bygnader, så af Sten som Träd, måge med största Besparing upföras».²⁴ Der gir han både rettleiding og teikning til bygg i laveggkonstruksjon.

Så lenge materiellet er så lite utgreidd er det uråd å dra sikre slutningar. Skål ein likevel våge seg på å dra nokon konklusjon, måtte det verta at det er ting som tyder på at laveggene har djupe røter i norsk byggjesoga. Men konstruksjonen held seg i lang tid til meir uvande hus. I førstninga av 1800-åra fekk laveggene ein ny impuls og vart då nytta til fjøs o. d. Men noko sikkert grunnlag byggjer eg ikkje denne slutningen på. Det er ein hypotese, og det er ikkje utruleg at nøggjare gransking vil føra til andre resultat.

SVEIN MOLAUG

MERKNADER: ¹ Anders Sandvig: De Sandvigske Samlinger. Oslo 1928, s. 83. ² Mogens Clemmesen: Bulhuse. Kbh. 1928, s. 109: «At bygge en saadan væg med «baalar» hed i Skaane at bygge i «ladføre», et gammelt dansk ord, der betød at lægge vandret, føre i lad.» ³ I artikkelen i Stavanger museums årbok 1942 står det s. 90, at det er uvisst om plankane er saga eller ei, men eit fotografi syner tydelege spor etter oppgangssag. ⁴ Einer er det same som brake, *juniperus communis*. ⁵ Mundtleg melding frå Arne Espeland, Stavanger, som er der ifrå, og såg då dei reiv eit fjøs på Marberg ca. 1900. ⁶ Mundtleg melding frå fru Borghild Molaug, som såg at dei lyfte veggplankane ut av ei råma av stavar og stavlegje. Huset stod 1928. ⁷ Halvor Vreim: Trekk fra byggeskikkens geografi. Maal og Minne 1933. ⁸ Sigurd Erixon: Svensk bygnadskultur och dess geografi. Ymer 1922, s. 265—267. ⁹ Gerda Boëthius: Studier i den nordiska Timmerbyggnadskonsten. Sth. 1927, s. 21. ¹⁰ Mogens Clemmesen: l. c. ¹¹ Mogens Clemmesen: l. c., s. 190. ¹² L. Dietrichson: De norske stavkirker. Kra. og Kbh. 1892, s. 332, fig. 217. ¹³ Halvor Vreim: En stavløe. Norsk folkekultur, 19. årg. 1933. ¹⁴ Mogens Clemmesen: l. c., s. 190. ¹⁵ Mogens Clemmesen: l. c., s. 252. ¹⁶ A. Zetterling: Bulverket. Fornvännen, 1927 og 1928. ¹⁷ Gerda Boëthius: l. c., s. 246. ¹⁸ Gerda Boëthius: l. c., s. 23. ¹⁹ F. R. Fowke: The Bayeux Tapestry. London 1875. Pl. XXIV, XLVIII—XLIX. ²⁰ Nathaniel Lloyd: A History of the English House, s. 14, fig. 17 og 18. ²¹ Gisle Midtun: Norske Bygder, Vestagder II, s. 56 og pl. XXIX. 2. ²² Daniel Bruun: Gammel Bygningsskikk paa Færøerne. Årsb. 1906, s. 241 ff. ²³ Mogens Clemmesen: l. c., s. 264. ²⁴ Mogens Clemmesen: l. c., s. 195.